



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Valstyret
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 30.10.2017
Tid: 14:00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentleg ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 9/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 10/17	Godkjenning av møteprotokoll
PS 11/17	Evaluerings av valg gjennomføringa 2017

Politiske saker

PS 9/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 10/17 Godkjenning av møteprotokoll



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Inger-Johanne Johnsen	Arkivsak nr.:	2016/721
		Arkivkode:	011

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
11/17	Valstyret	30.10.2017

EVALUERING AV VALGJENNOMFØRINGA 2017

Administrasjonen si tilråding:
Valstyret tek orienteringa til vitande.

Samandrag av saka:

Kommunestyret vedtok i sak 35/17 å redusere antal røystekrinsar i Volda kommune frå 16 til 5 stk, og at det skulle gjennomførast ei evaluering av valet i etterkant.

Saksopplysningar/fakta:

Førehandsrøysting

Både rundt førehandsrøystinga og valtingsrøystinga var det veldig god oppslutnad: 29,1 % av innbyggjarane i kommunen førehandsrøysta og den totale valdeltakinga i Volda kommune var 81,5%. Landsgjennomsnittet var på 78,2 %.

Valadministrasjonen hadde i forkant av valet lagt ekstra vekt på å legge til rette for førehandsrøysting, gjennom t.d. fleire dagar med utvida opningstid for førehandsrøysting ved servicekontoret, og mange og godt annonserte moglegheiter for førehandsrøysting ved skular, sjukehus og institusjonar.

Mange av dei som var manntalsførte i andre kommune valde også å førehandsrøyste i Volda: 625 stk – noko som var meir enn ei dobling i høve til tidlegare val.

Samanslåing av valkrinsane

Volda kommune har fram til i år hatt 16 røystekrinsar, kommunestyret reduserte i mars i år dette til 5: Mork, Øyra, Austefjord, Folkestad og Dalsfjord røystekrinsar. Reduksjonen i antal røystekrinsar ser ikkje ut til å ha slått negativt ut på gjennomføring av val og på valdeltakinga:

Valdeltakinga var høg og tilbakemeldingar frå leiarane og nestleiarane i røystekrinsane, viser at dei var godt nøgde med dei nye kringsgrensane. Dei rapporterte at valavviklinga

hadde gått greitt og utan problem. Valadministrasjonen hadde på førehand sikra seg at røystekrinsane hadde nok valavlukke og at det var tilstrekkeleg med valfunksjonærar i kvar valkrins, slik at ”røysteprosessen” skulle bli mest mogleg effektiv. Ingen av røystestyra rapporterte om at det hadde vore kø for å få røyste.

Reduksjonen i antal røystekrinsar betyr at valet blir enklare å administrere:

- Valadministrasjonen hadde opplæring av leiarar og nestleiarar i røystekrinsane i forkant av valet. Oppfølging av desse i forkant av valet og på valdagen blei enklare når det var færre å forhalde seg til.
- Førebuingane (:pakking av materiell og anna utstyr) var enklare og raskare med berre fem røystekrinsar.
- Når vallokala stengde, så gjekk også krinsane si innleveringa av valmateriell og kontroll av dette, raskare enn tidlegare.
- Mindre tid til arbeid med utbetaling av møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste.

Ambulerande røysting og tilbod om drosjetransport

Kommunane er (jf valloven) pliktige å tilby ambulerande røysting til veljarar som av helsemessige årsaker ikkje kan delta i førehandsrøystinga eller ikkje kan kome til vallokalet på valdagen. Dette tilbodet blei godt annonsert, og 1 person nytta seg av tilbodet. Valstyret vedtok i tillegg at veljarar som hadde vanskar med å kome seg til vallokalet på valdagen, skulle kunne få drosjetransport betalt av Volda kommune. Dette tilbodet blei grundig kunngjort gjennom oppslag på kommunen si heimeside og via kommunen sin facebook-konto, i tillegg til artiklar og annonser i avisa Møre. 4 personar valde å nytte seg av dette tilbodet.

Valet 2019

Neste val vil bli kommune- og fylkestingsval i 2019, og rutinar og gjennomføring valet vil bli samordna med Hornindal kommune i og med at Hornindal og Volda kommunar slår seg saman frå 1.1. 2020.

Omlegginga til færre røystekrinsar gir moglegheit til andre endringar i tilknytning til valg gjennomføringa:

- Når Volda no har fått færre røystekrinsar, og alle har meir enn 100 røysteføre, så ligg tilhøva til rette for at ein ved neste val kan ha kretsvis oppteljing, dersom valstyret skulle ønske det.
- Færre røystekrinsar gjer det også enklare å legge til rette for bruk av elektronisk manntal, og dermed også ei effektivisering av valg gjennomføringa. Føresetnaden er at ein har stabil og sikker nettilgong i alle vallokala .

Dette er i så fall noko som Hornindal også må gjere likelydande vedtak om.

Helse og miljøkonsekvensar:

Det er godt lagt til rette for deltaking også for dei som har nedsett funksjonsevne gjennom bruk av valavlukke med plass til rullestol, ambulerande røysting, merking av røystesetlar med blindeskrift og vallokale som er tilrettelagt for veljarar med nedsett funksjonsevne.

Økonomiske konsekvensar:

Utgiftene til å dekke tapt arbeidsforteneste og møtegodtgjersle for valmedarbeidarar vil vere mindre enn tidlegare på grunn av at vi hadde behov for færre valmedarbeidarar.

Reduksjonen i antal røystekrinsar har ført til ei meir effektiv valadministrering.

Totalkostnaden for gjennomføring av valet vil ikkje bli klart før ved årsskiftet.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ikkje aktuelt

Vurdering og konklusjon:

Valadministrasjonen i Volda har hatt gode erfaringar med gjennomføring av valet i 2017: Både førebuingar og gjennomføring av sjølve valet var enklare og meir effektiv ved valet i 2017 enn ved tidlegare val. Administrasjonen rår til å halde fram med færre røystekrinsar.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:
servicekontoret